

Oska med øl-triologi.

29.03.2016



På ølkeldane vil m.a. Sammy Myklebust dela av dei store kunnskapane sine.

Når SmakifråOska inviterer til Quiz og ølsmaking førstkommande fredag, er det starten på det vi kan kalla ein øl-triologi som går over tre fredagar. I dette opplegget samarbeider Roy Lervåg med Sammy Myklebust. Begge har felles interesse for smak, bruk og brygging av denne gylne drykken, - kort sagt ølkultur.

Sammy Myklebust har lenge vist interesse for dette feltet, og han har store kunnskapar rundt alt som har med øl og ølvariantar å gjera. Han er ein kjend ølblogger. Han har eigen blogg, [Sammy om øl](#), og har vore redaktør i [Ølportalen](#). Som blogger er han også knytta til Nettavisen. I tillegg til dette er han som kjent også ein av dei som sørger for at det vert både festivaløl og eit variert utval under Festidalen. På ølkeldane på Oska vil han dela av kunnskapane sine.

Første fredag i månadene april, mai og juni vert det tre kveldar der ein hyller øl og brygging.

- 1. april: Ølrelatert quiz med smaking av forskjellige brygg. ([Sjå omtale her.](#))
- 6. mai: 'Øl og mat i skjønn forening'. Her vert det servert spennande mat som ikkje berre er tilsett ulike ølsortar, men som også vil innehalda både humle og malt.
- 3. juni: Besøk frå bryggeri med smaking og forteljingar.

Eit spennande program som heilt sikkert vil falla i smak hos mange!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hugo Ivan Hatland